



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Eldrerådet
Stad:	Herøy omsorgssenter,
Dato:	21.01.2019
Tid:	10:00 – 11:30

Medlemmer som møtte:

Arve Moltubakk	Leder	
Solfrid Hagemann	Medlem	
Magnus Remøy	Medlem	
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	

Forfall:

Terje Krogset	NESTL	
---------------	-------	--

Varamedlemmer som møtte:

Magnus Myklebust	Terje Krogset	
------------------	---------------	--

Andre:

Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol.

Uttale til RS-sak 1/19:

Ut frå kommunen sin økonomiske situasjon kan det synest som eldreomsorga ikkje er berekraftig korkje økonomisk eller personellmessig slik den vert driven i dag.

Det er difor positivt at ein no har kome så langt med ny kommunedelplan for helse og omsorg at den er på høyring. Eldrerådet er glad for at psykisk helse er påpeika som ei av hovudutfordringane.

Utfordringane innan demensomsorga kunne vore meir omtalt innleiingsvis i planen.

Elles ønskjer Eldrerådet at planen inneheld meir konkrete tal knytt til kva den demografiske utviklinga framover vil kunne få av betydning for mellom anna institusjonsplassar og personellmessige ressursar.

Brukarmedverknad er viktig og Eldrerådet er glad det no skal oppnemnast brukarutval, og at ernæring og mat er sett fokus på.

Eldrerådet ønskjer at prosjektet sterk og stødig vert teke med i handlingsdelen.

Eldrerådet vonar at planen blir ein «levande» plan, der handlingsplanen vert fulgt opp, og at det også vert utarbeidd ein eigen eldreplan og frivilligplan.

Arve Moltubakk

Solfrid Hagemann

Magnus Remøy

Linn-Therese Hansen Sævik

Magnus Myklebust

underskrifter

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/19	Protokoll fra førre møte.

Referatsaker

RS 1/19

Kommunedelplan for Helse og omsorg -
utlegging til offentlig ettersyn

RS 2/19

Høyring - ny budsjett og regnskapsforskrift
og ny forskrift om kommunale og
fylkeskommunale råd for eldre, for
personer med funksjonsnedsettelse og for
ungdom

PS 1/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 2/19 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

MØTET SLUTT!